



Kviteseid misjonskyrkje

MISJONSKIRKEN NORGE

Referat frå styremøte onsdag 11. november 2020 kl 18.00

Til stades:

Ane S. Holm (2020-2021)

Åsbjørg Hægeland (2019-2020)

Sigrun Lønning Solvang (2019-2020)

Åsbjørg opna med å lese frå boka «Puls» om behovet for pusterom i livet slik at Guds eld kan få flamme i oss.

Sak 26/20: Godkjenning av referat frå styremøtet 31. august 2020

Referatet vart godkjent utan merkander.

Sak 27/20: Oppsummeringar av diverse møte

Møte mellom styret og menighetsrådgjevar 26. oktober

Anne Margrethe Mandt-Andfinsen møtte styret (Ane, Åsbjørg og Sigrun) samt vararepresentant Nils Arne Grutle (Tone Fosse meldte forfall). Vi samtalte om stoda i kyrkja vår, og om vegen vidare. Vi jobba oss med teksta i Efesarane 3.14-21. At Anne Margrethe valde akkurat denne teksta var spesielt for oss. Vi høyrde desse versa sitert av Gunhild Berntsen dagen før under panelsamtale på søndagstreff.

Stikkord frå det vi sit att med etter samtalen med menighetsrådgjevar:

- Vi har opplevd ein spesiell vår med korona-tid og svært lågt aktivitetsnivå for ein periode. Dette gav rom for både å kjenne på at det vart ein slags pause, og samstundes merka vi at vi sakna fellesskapet her i kyrkja.
- Vi er ein drivverdig menighet med mange ressursar, mellom anna innan musikk.
- Det er sunt å tenkje at aktivitetsnivået vårt skal vere berekraftig over tid for dei som er engasjerte.
- Vi vart oppmuntra til å tenkje kreativt rundt kva som gjer at vi vaksne no får verkeleg lyst til å kome til kyrkja vår, og ha lyst å ta med andre. Vi vart oppmuntra til å fokusere på moglegheitane. «Kreativitet innanfor berekraftig ramme».

Møte mellom levende-tro-konsulent og Åsbjørg 21. oktober

Åsbjørg refererte frå møte med Levende-tro-konsulent Linda Ardnenach Johannsen. Dette fann stad på Teams 21. oktober. Tema for møtet var: «Korleis rekruttere og behalde leiarar?»

Stikkord frå møtet:

- Tre søyler for å utvikle mobil tru: Relasjonar, rytme i kvardagen og reelle grunnar til å tru.
- Aktivitet utan relasjon; Ingen reell innflytelse
- Viktig å reflektere over kva haldningar vi har når vi rekrutterer leiarar. Vi rekrutterer til ein visjon, ikkje eit behov.
- Det er ein stor grad av vegring mot forpliktelse i både ungdomsgenerasjonen og i vaksengenerasjonen. Mange er også usikre på om dei er gode nok.

Sak 28/20: Rammer for komande semester

Vi ynskjer å ha sundagstreff ca kvar tredje søndag. I tillegg vil vi arrangere to sangmøte og ein damekveld.

Felleskyrkjelege arrangement:

- (Familiemøtet er avlyst)
- 12.-14. mars: fellesmøter med Egil Svartdal (i hallen)
- Godhetsveke veke 18

Vi drøfta om møta våre bør streamast. Vi går ikkje inn for dette no. Vi kan tenkje oss å lage eit digitalt møte som viser smakebitar av møteverksemda vår. «Korte og gode». Vi tek dette opp på årsmøtet.

Sundagstreffkomiteen jobbar vidare med datoar for arrangement komande semester.

Styret ynskjer at kyrkja vår viser ekstra omsorg for dei som av ulike årsaker kjem sjeldan på arrangementa våre, og som heller ikkje har ein naturleg plass i andre kyrkjer.

Sak 29/20: Status for økonomien og brev til gjevarane våre

Vest Telemark Økonomi og Rekneskap (VTØR) har no overtatt kasserarjobben. Åsbjørg Hægeland er bindeleddet mellom styret og dei.

- Gunnar Ruud er vår kontaktperson
- VTØR har fått disposisjonsrett over begge kontoane til Kviteseid Misjonskyrkje. Sigrun L. Solvang og Åsbjørg Hægeland har også disposisjonsrett.
- Alle rekingar skal godkjennast av Åsbjørg Hægeland før VTØR betaler dei. Dersom Åsbjørg har hatt utlegg sjølv som skal refunderast, må dette vere attestert av ein annan person i styret før utbetaling til henne.
- Alle summar som kjem inn på VIPPS, skal vidare til Misjonskirken Norge sentralt, og merkast «Jakobs hus». VIPPS-gebyret sponsar Kviteseid Misjonskyrkje, slik at den opphævelege gåvesummen blir vidaresendt. Det er ønskeleg at denne overføringa skjer 2-4 gonger pr år.
- Kviteseid Misjonskyrkje nyttar Solidus til innrapportering av skattefrie gåver i 2020.
- Kviteseid Misjonskyrkje vil nytte Cornerstone til innrapportering av skattefrie gåver frå og med 2021. Vi er i ein prosess med å få dei faste gjevarene våre til å gå over til avtalegiro via gjevarsida vår <https://gi.mknu.no/vest-telemark>. Denne prosessen startar umiddelbart etter nyttår. VTØR vil då få ein brukar i Cornerstone slik at dei kan hente ut rapportar derifrå.
- Pr dags dato har vi følgande faste trekk til MKNU sentralt:
 - 500 kr / mnd til Misjonskirken Ung
 - 1000 kr / mnd til menighetsrådgjevarordninga

- 1000 kr / mnd til Misjonskirken Norge, øymerka Jakobs hus (Har tidlegare stått i rekneskapet som gåve til Misjonskirken Norge. Dette har vore ei upresis/feil merking, fordi dette trekket har vore til Jakobs hus i alle fall sidan 2012 iflg hovudkontoret i Oslo.)

Rett etter nyttår vil styret sende ut takkebrev til alle faste gjevarar, samt ei oppmoding om å registrere gåva si på gjevvarsida vår.

Sak 30/20: Gjenoppstart av speider

Det er no starta opp speidergruppe for 5.-10. klasse. Leirarar er Ane S. Holm frå Kviteseid Misjonskyrkje og fleire medhjelparar frå den norske kyrkja. Ane har ansvar for leiing og andaktar. Det kom 17 ungar på første samlinga og det var god stemning. Formell stifting blir gjort over nyttår.

På årsmøtet i 2013 vart det bestemt at Kvitseid Misjonskyrkje overtok 16 000 kr av pengane til den førre speidargruppa då denne vart nedlagt. Vi vil be årsmøtet ta stilling til om vi no skal sende tilsvarende sum tilbake til nystarta speider.

Sak 31/20: Pynte opp på veggane

Åsbjørg ynskjer å gjere endringar i bileta på veggane på Betel. Dette er styret positiv til.

Sak 32/20: Eventuelt

Ane snakkar med Øystein Kvamme og spør om han kan tenkje seg å halde fram med å sitje i komiteen for godhetsveka.

Neste styremøte blir 13. januar kl 18. Sigrun ordnar opning og litt å bite i.

Åsbjørg Hægeland, sekretær